

Balestrand kommune  
Høyanger kommune  
Leikanger Kommune  
Luster kommune  
Lærdal Kommune  
Sogndal Kommune  
Vik Kommune  
Årdal kommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi til:

### **Høyring – Plan for fusjon mellom Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.**

*Representantskapet i SF Revisjon IKS gjorde 25.4. fylgjande vedtak om samanslåinga med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt*

*Utkast til selskapsavtale blir sendt på høyring til eigarane første halvår 2014.  
Representantskapet får seg førelagt endelig forslag til selskapsavtale hausten 2014 og sender den då til vedtak hjå eigarane, med tanke på oppstart 1.1.2015*

Styra i dei to selskapa har fått utarbeida eit utkast til selskapsavtale og felles høyringsdokument med forslag til kostnadsfordelingsmodell. Kostnadsfordelingsmodellen viser at med rekneskapsrevisjon i alle kommunane og forvaltningsrevisjon i kommunane i Indre Hordaland vil det bli litt billigare revisjonskostnader for kommunane i Sogn medan det blir dyrare for Hordalandskommunane. Men dersom alle kommunane hadde forvaltningsrevisjon ville det blitt billigare for alle dersom ein tek omsyn til det kommunane i Sogn i dag brukar til forvaltningsrevisjon.

Styra har drøfta desse tre alternativ:

1. Fordeling av revisjonskostnader når nytt felles revisjonsselskap leverer finansiell, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll til samarbeidskommunane i Hordaland, men leverer kun finansiell revisjon og selskapskontroll til kommunane i Sogn inkludert Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Fordeling av revisjonskostnader når nytt felles revisjonsselskap leverer finansiell, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll til alle eigarkommunane inkludert Sogn og Fjordane fylkeskommune.
3. Revisjonsselskapa fortset å levera revisjonstenester som i dag . Revisjonssamarbeidet mellom selskapa vil fortsetta.

Styret i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt handsama forslaga i møtet 26. mai og tilrår samanslåinga berre under føresetnad om at alle kommunar i SF Revisjon IKS også kjøper forvaltningsrevisjonen frå det nye selskapet. Alternativt at selskap fortset som revisor for eigarane og at samarbeidet mellom revisjonsselskapa fortsetter.

Styret i SF Revisjon IKS meiner at eit felles revisjonsselskap som utfører både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon for alle eigarkommunane (alternativ 2) ville vore det beste og billigast alternativet for eigarane. Men ut frå signala som var gitt i representantskapsmøtet i SF Revisjon IKS 26. april 2013 om at fusjonen ikkje skulle gjelda forvaltningsrevisjon, kan styret SF Revisjon IKS ikkje tilrå det alternativet.

Styret tilrår derfor at fusjonsplanane vert lagt på is og at SF Revisjon IKS fortsetter som revisjonsordning for eigarane som i dag. SF Revisjon IKS vil fortsetta, og utvikla samarbeidet med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Vestlandsrevisjon AS vil vera ein viktig del av dette samarbeidet. Vestlandsrevisjon som i vår vann konkurransen om revidering av Granvin herad kan også revidera kommunale aksjeselskap. Vi vil også søka å oppnå eit tilsvarende samarbeid med dei to andre revisjonseiningane i fylket.

Styre ber om tilbakemelding frå kommunane på ovannemnte 3 alternativ og i den grad kommunen går inn for ein samanslåing av revisjonsselskapa ber vi om at kommunen vurderer utkast til selskapsavtale.

Ingvar Linde  
Dagleg leiar

Vedlegg  
Protokoll frå styret i SF Revisjon Sak 8/14  
Utkast til selskapsavtale  
Høyringsdokument  
Budsjettmodell kun forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i IHR kommunane